

## Samarbeidsutvalet (SU) i grunnskulen

Alle kommunale grunnskular i Øygarden kommune skal ha eit samarbeidsutval (SU). SU er eit rådgjevande organ som har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen, inkludert høyringsforslag som skulen mottok.

### Organisering av SU?

- **To representantar for undervisningspersonalet.**
- **Ein representant for dei andre tilsette.** Denne skal veljast av og blant alle tilsette. **To representantar for foreldrerådet.** Foreldrerådet omfattar alle foreldre med barn på skulen. Dei vel eit arbeidsutval (FAU), og FAU peikar ut to representantar til SU, der ein av dei skal vere leiaren for FAU. To vararepresentantar blir også valde.
- **To representantar for elevane frå elevrådet.** Dei skal representere alle elevane på skulen. Dei skal ikkje delta i saker underlagt teieplikt.
- **To representantar for kommunen.** Rektor er ein av desse, medan den andre er ein politisk representant.

### Rektor si rolle

Rektor har ei sentral rolle i SU. Det er rektor sitt ansvar å leggje til rette for at utvalet fungerer godt og utviklar seg i tråd med intensjonane. Dette inneber mellom anna:

- Sikre god informasjonsflyt mellom alle partar.
- Ha oversikt over viktige fristar, som budsjetthandsaming og utviklingsplanar.
- Lage ein års- og aktivitetsplan for SU.
- Følgje opp vedtak i samarbeidsutvalet saman med SU-leiaren, samt rapportere tilbake om korleis vedtaka er gjennomførte og kva konsekvensar dei har fått.

### Referat frå møta

Det skal bli skriven referat frå møta i SU. Referatet skal innehalde:

- Kven som var til stades.
- Tid og stad for møtet.
- Kva saker som vart drøfta og kva vedtak som vart gjort.
- Kven som har ansvar for oppfølging, samt korleis og innan kva frist det skal gjerast.

Referata skal skrivast i websak og bli delt med dei andre råda og utvala ved skulen

### Kva saker kan SUet handsame?

SU har rett til å uttale seg i alle saker som vedkjem skulen.

Døme på saker:

- Skulen sine planarbeid, mål og visjonar
- Kvalitetsutvikling og skulevurdering
- Forsøks- og utviklingsarbeid
- Gjennomføring og resultat på : Elevundersøkinga, Nasjonale prøver, Forledeundersøkinga
- Informasjonsarbeid ved skulen

- Elev- og foreldremedverknad
- Organisering av undervisninga og spesialundervisning
- Skulemiljø, inkludert tiltak mot mobbing og antisosial atferd
- Skulehelsetenesta
- Budsjett
- Skuleskyss og skuleanlegg
- Val av undervisningsmateriell
- Trafikksikringstiltak
- Elevbedrift
- Endringar i skulekretsgrenser eller nedlegging av skulen

### **Årsplan for SU**

For kvart skuleår bør SU lage ein møteplan. Nokre spørsmål som kan vere nyttige å stille seg:

- Skal vi vidareføre saker frå førre skuleår?
- Korleis skal vi handsame sakene?
- Er det saker som er ekstra viktige for oss dette året?

Ved å reflektere over desse spørsmåla kan SU sikre at dei prioriterer riktig og bidreg til eit betre skulemiljø for alle.